



MØTE 29.02.2012

Innspel frå FolkOrg

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans vart stifta november 2009 som ein samanslutning av Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag. Organisasjonen har i dag i underkant av 5000 enkeltmedlemmer og 150 lokale spelemannslag. Organisasjonen har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet.

"Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, dansegledje, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon"

FolkOrg arbeider for mange målgrupper. Både lokale spelemannslag og dei profesjonelle utøvarane. Mot barn, unge og eldre. Overfor kulturskular og arrangørar. I tillegg til eit samarbeid med folkemusikkfeltet, som til dømes utdanningsinstitusjonane, kompetansesentra og andre organisasjoner. Eit særtrekk og ein styrke ved miljøet er at mange av aktivitetane gjeng føre seg på tvers av generasjoner.

FIRE FOKUS I MØTET

Kvardagen til laga

Vi opplever mykje god aktivitet og rekruttering i laga våre. For å stå opp om det arbeidet er desse ordningane viktige:

- Frifond – ordninga må handsamast på ein slik måte at den skapar god aktivitet for unge på ein enkel måte og at den kan bidra til rekruttering. Tilskotet må ikkje vera avhengig av at laget har få vaksenmedlemer! (Frifond organisasjon gir berre tilskot til lag som der minimum 1/3 av lagsmedlemene er under 26 år)
- Momskompensasjon – lokallagsarbeid må få full momskompensasjon.
- KOMP – stønadsordning for kortare kurs og kompetansehevande tiltak innan rytmisk musikk. Midlane blir nytta i heile landet og har stor effekt. Potten må aukast.
- Tiltaksmidlane frå Rådet for folkemusikk og folkedans står opp om arbeidet med å ta vare på kulturarven og kjem til nytte for lagsarbeid og utøvarar. Ei styrking her kjem heile feltet til gode.

Yrkesutøvarane

Kring 100 personar har til no registrert seg som yrkesutøvarar i FolkOrg. Det er høg kompetanse og ei spanande utvikling på feltet. For å stå opp om det arbeidet er det viktig:

- Å utvikle tiltak som kan bygge opp bransjeleddet, som til dømes management.
- Å etablere enkle og gode stønadsordningar.
- Å få fleire kunstnarstipend.

Kompetansesentra for folkemusikk

Dei regionale kompetansenettverka for rytmisk musikk skal vere regionale samarbeid mellom kompetansesenter innan sjangrane jazz, pop/rock og folkemusikk.

- Folkemusikken er den einaste av sjangrane som ikkje har kompetansesenter med statleg finansiering. Dette gjev ubalanse i samarbeidet i dei rytmiske nettverka. Stortinget må sikre like vilkår for partane.
- Kompetansesentra må ha fridom til å fylle dei oppgåvane som det er trong for i dei ulike regionane, sjangrane og til ulike tider. Når leddet som legg turnear i eit distrikt manglar, må kompetansesentra kunne fylle den rolla.

Folkedansen

FolkOrg har saman med Noregs Ungdomslag og Rådet for folkemusikk og folkedans teke initiativ til å gjere ei utgreiing av folkedansfeltet i Noreg. Ut frå dei førebels resultata frå utgreiinga kan vi sjå ein del faresignal på feltet, trass i at det framleis er mykje god aktivitet. Til dømes blir det arrangert få folkedansfestar, der den levande musikken og dansen har sin naturlege plass. FolkOrg vil trenge ressursar til å sette i gang tiltak for folkedansen i tida som kjem.